

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Nr 4 | 2023 | 82. årg

# KYRKJENYTT

for Vossabygdene



5 KYRKJE-  
VALET

13 VOSSA-  
KYRKJEMESSA

15 LEDIGE  
STILLINGAR

DÅP,  
KONFIRMASJON,  
BRYLLUP,  
MERKEDAGER OG  
SMÅ OG STORE  
SELSKAP  
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,  
Signe og Marie  
Fleischer

www.dehistoriske.no

### DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

## MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

### Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

**Neste nummer kjem i vike 39. Frist for melding om stoff er mandag 4. september.**

### Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5  
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.  
Telefon: 56 52 38 80  
[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)  
E-post: [post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)  
Kontonr: 3480.16.45293



### Voss kyrkjelege fellesråd:

**Kyrkjeverje** Svein Tøsse, tlf 959 79 905. E-post [st545@kyrkja.no](mailto:st545@kyrkja.no)  
**Kontorleiar** Vibeke Lemme Rasdal, tlf 922 45 274. E-post [vl454@kyrkja.no](mailto:vl454@kyrkja.no)  
**Kateket** Rønnaug Eng Skjeldal, tlf 952 62 025. E-post [rs625@kyrkja.no](mailto:rs625@kyrkja.no)  
**Kyrkjelydspedagog** Camilla M Velsvik, tlf 995 18 194. E-post [cs222@kyrkja.no](mailto:cs222@kyrkja.no)  
**Trusopplæringsmedarbeidar** Åshild Bø Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post [ak649@kyrkja.no](mailto:ak649@kyrkja.no)  
**Diakon** Sigrid Djukastein Mala, tlf 478 49 134. E-post [sm435@kyrkja.no](mailto:sm435@kyrkja.no)  
**Diakonimedarbeidar** Anja Slåtten, tlf 417 04 958. E-post [as257@kyrkja.no](mailto:as257@kyrkja.no)  
**Ungdomsprest** Vetele Leksbø, tlf 947 93 477. E-post [vl555@kyrkja.no](mailto:vl555@kyrkja.no)  
**Kantor** Astrid Gjestvang, tlf 958 56 414. E-post [ag678@kyrkja.no](mailto:ag678@kyrkja.no)  
**Organist** Frode Vik, tlf 952 62 084.  
**Organist** Ellen Marie Selland Geithung, tlf 980 64 594.  
**Organist** Edyta Bryk, tlf 954 30 695.

**Kyrkjetenar på Bolstad** Anny Forthun, tlf 481 36 520

**Kyrkjetenar på Evanger** June Mykkeltvedt, tlf 934 46 884

**Kyrkjetenar på Voss** Thomas Velsvik, tlf 414 75 383

**Kyrkjetenar i Granvin** Ingvild Baartvedt, tlf 468 98 970

**Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje** Trond Olav Neteland, tlf 957 02 327

**Kyrkjetenar i Raundalen** Nils Lid, tlf 901 36 496

**Gravar** Vidar Bryn, tlf 996 00 940

**Oppsynsmann for kyrkjegardane** Hege Ukvitne, tlf 918 74 201

**Redaktør i Kyrkjenytt** Randi Kløve, tlf 952 06 177. E-post [rk858@kyrkja.no](mailto:rk858@kyrkja.no)

**Kontormedarbeidarar** Idunn Holen og Lene Brunborg

### Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss** Arild Hellesøy, tlf 906 99 533. E-post [ah539@kyrkja.no](mailto:ah539@kyrkja.no)  
**Sokneprest i Voss** Hans-Christian Küspert, tlf 954 50 572. E-post [hk782@kyrkja.no](mailto:hk782@kyrkja.no)  
**Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen** Arnulf Sandvik, tlf 416 75 653. E-post [as794@kyrkja.no](mailto:as794@kyrkja.no)  
**Sokneprest i Evanger og Bolstad** Frode Kvamsøe, tlf 901 96 514. E-post [fk796@kyrkja.no](mailto:fk796@kyrkja.no)  
**Prestevikar** Bengt Arvidsson, tlf 902 58 161. E-post: [ba735@kyrkja.no](mailto:ba735@kyrkja.no)

### Soknerådsleiarar:

**Evanger:** Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970  
**Voss:** Bjørg Helland, tlf 938 56 326  
**Oppheim:** Monica Gudrun Hansen, tlf 957 58 204  
**Vinje:** Ståle Hirth, tlf 950 81 902  
**Raundalen:** Johnny Lemme, tlf 401 82 912  
**Granvin:** Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

#### Bilete:

Framsida biletet: Unsplash.com.  
S 13 og 15 - Pixabay.com  
Ellers Unsplash.com

Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

 Gravplass i Voss

**Gravplassadministrasjonen i Voss herad** har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjelunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.





# Sannhetens ånd

Andakt av Raymond Cato Torsvik, tidlegare sokneprest i Raundalen, Vinje og Oppheim sokn

Den første søndagen etter pinse heter treenighetssøndag, nettopp fordi mennesket fikk den hellige ånd på pinsedag.

Den hellige ånd kan være litt vanskelig å forstå seg på, og det er sikkert mange som har ulike tanker og meninger om hva den hellige ånd er, men for meg er den hellige ånd forsoningen mellom Gud og menneske. Talsmannen som hjelper oss til å kunne forstå hva Gud vil og ønsker for oss.

Pinse er rett og slett Guds måte å rette opp det som skjedde i Edens hage, da mennesket spiste av kunnskapens tre. Det var ikke slik at Adam og Eva ikke hadde kunnskap, fordi de hadde jo gitt dyrerne og trærne og alt liv på jorden navn. Nei, kunnskapen de fikk fra kunnskapens tre, og som Satan ville de skulle få, var kunnskapen om å kunne skille mellom godt og ondt. På den måten kunne Satan få spillerom til å få makt over mennesket gjennom å få mennesker til å gjøre ting de angrer på, hvor samvittigheten knuger og som er med å skape skyld- og skamfølelse, sjalusi og bitterhet. Alle de tingene som får oss til å vende oss bort fra Gud.

Den hellige ånd hjelper oss til å sette Guds lys på de mørke delene av livet vårt. Som

vi har holdt skjult og som gir Satan makt over oss. Vi som har søsken, har alle hørt setningen: «om du ikke gjør som jeg sier, så vil jeg fortelle mamma hva du har gjort.» Kunnskapen å kunne kontrollere andre og ha makt over andres valg, er noe vi fort faller ned i. og som er vanskelig å komme ut av. Kanskje nettopp fordi samvittigheten vår får en knekk, og vi frykter for hva andre måtte mene og tenke. Og derfor holder vi det heller skjult.

Faktum er at vi alle har gjort feil og ting som vi angrer på. Når vi hører om andre sine feil, så sammenligner vi veldig ofte med våre egne, og på den måten blir vi gjerne lettet og tenker at kanskje det ikke var så ille likevel. Og på den måten mister også satan sin makt over oss. Sannheten er med å sette oss fri fra fangenskapet. Sannheten hjelper oss til å forsones oss med livet, med hverandre og med Gud.

Det er også derfor den hellige ånd også kalles for sannhetens ånd. Nettopp fordi ånden åpner opp og hjelper oss til å bearbeide de delene av livet som holder oss fanget, og hjelper oss til å forsones med Gud og mennesker.

# Misjonsprosjektet



## Innviing av Dall Dambe synoden

Tekst: Britt Hernes/Misjonsnemnda

Laurdag 29. april 2023 vart den 40. synoden i Mekane Yesus kyrkja (ECCMY) i Kamashi innvigd. Innviinga vart lagt til Asosa, hovudstaden i delstaten. Grunnen var uroa for sikkerheita i Blånil-dalen. Dall Dambe er gumuz og står for dei to store elvane i Blånil (Dall) og Didessa (Dambe) som renn gjennom lavlandet i Etiopia.

Fleirtalet av medlemene i den nye kyrkja er gumuz, ei av over 80 etniske grupper i Etiopia.

NMS kan sjå attende på 50 år med vellukka historie med «Gumuz-misjon» og prosjekt som er blitt gjennomførde i Blånil-dalen.

Prosessen med å starta ein ny synode har tatt 10 år. NMS og frikyrkja har støttat prosessen og det er no fem prosti med til saman 69 kyrkjelydar.

I innviingsgudstenesta sang gumuz-koret frå Kamashi og Asosa fleire sangar. Det var bøn, velsigning og synode-president, visepresident og kasserar avla embedseid

til kyrkje presidenten. Også leiarar og presidentar frå nabosynodane var tilstade. Det vart oppretta eit synoderåd med 22 medlemer frå dei fem prostia

I fokus for dagen sto bibelverset frå Matteus 28,19-20: «Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står».

I oktober er det planlagt stor fest i Kamashi. Vona er at den politiske ståa er blitt betre til då slik at mange kan møta på denne storhendinga.

Be om at arbeidet til den nye synoden må lukkast.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.

Foto: ECCMY medieavdeling



# Di stemme tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 10.-11. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt. Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan også førehandsstemme fysisk på Kyrkjetunet i Uttrågata 5 frå onsdag 16.august til fredag 8. september, mellom kl 0900 og 1400.

## To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vere kandidatar til råda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på

enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet.

I dette valet stemmer du på ei av fire ulike lister. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja.

Her i Bjørgvin Bispedøme stiller Bønnelista, Frimodig kyrkje, Nominasjonskomiteen si liste og Open folkekirke liste.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Kyrkjevalet går føre seg i eller ved dei same lokala som kommune- og fylkestingsvalet, Opningstidene er også dei same. Sjå etter informasjon på vår nettside [www.vosskyrkja.no](http://www.vosskyrkja.no) og avis Hordaland.



Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

## Vissste du at...

- Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemer bli stemde inn i kyrkjevalet 2023.

# Desse stiller til val som leke medlemer i Bjørgvin bispedøme:

Listene er presentert i alfabetisk rekkefølgje.

## Bønnelista

- Sigurd Grindheim, 1968, Professor, Stord
- Solaug Anita Apelthun Sæle, 1951, Økonomisjef, Fjell
- Finn Indrebø, 1948, Pensjonist, Askøy
- Trygve Johannes Hellesøy, 1938, Pensjonert prest, Hellesøy
- Torid Morsund Øygard, 1999, Student, Bergen
- Magdalena Steinhovden, 1947, Pensjonist, Naustdal
- Anna Helena Bruun, 1974, Regnskapfører, Rådal
- Mahdi Alipor Esfahani, 1979, Butikkmedarbeidar, Førde
- Anders Myrene, 2002, Student, Naustdal

## Frimodig kyrkje

- Gunnar Innerdal, 1983, Førsteamanuensis, Øygarden
- Per Hilleren, 1959, Bonde, Sogndal
- Marthe Hauge Aase, 1965, Kreftsjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord
- Egil Morland, 1950, Professor emeritus, Øygarden
- Geir Møller, 1957, Pensjonist, Bergen
- Karen Sofie Uthaug, 1998, Student, Alver
- Hilde Kayser Rohde, 1955, Pensjonert musikar, Bergen
- Annlaug Risa, 2003, Student, Balestrand
- Torstein Backer-Owe, 1959, Rådgjevar, Odda

## Nominasjonskomiteens liste

- Dag Sele, 1964, Lege, Stord
- Turid Fjose, 1969, Lege, Voss
- Amalie Gjengedal-Eide, 1996, Lektor, Bergen

- Arne Jostein By, 1948, Pensjonist, Stryn
- Kristin Jordheim Bovim, 1955, Lege, Bergen
- Dag-Olav Bjørøy, 1957, Seniorkonsulent, Øygarden
- Hege Feet Askvik, 1957, Pensjonist, Alver
- Helge Dyrkolbotn, 1964, Avdelingsleiar, Austrheim
- Amalie Ulevik Bjerke, 1997, Student, Bergen
- Ingeborg Watne Flatland, 1979, Lærar, Førde
- Leif Steinar Alfvåg, 1959, Høgskulelektor, Stord
- Elise Skjærven Aas, 2005, Student, Bergen
- Rune Garmann, 1952, Pensjonist, Masfjorden
- Torild Teige Strand, 1959, Lærar, Solund

## Open folkekyrkje

- Karl Johan Kirkebø, 1950, Pensjonist, Bergen
- Oddny Miljeteig, 1954, Pensjonist, Bergen
- Live Bakke Nydal, 2004, Student, Florø
- Rune Johan Skjælaaen, 1954, Pensjonist, Bergen
- Anne Vierdal, 1996, Trusopplærar, Sveio
- Eiel Holten, 1968, Seniorrådgjevar, Bergen
- Malene Mortensen, 2001, Sekretær, Sotra
- Håkon Glatved-Prahil, 1956, Journalist, Alver
- Mari Skjerdal Lysne, 1985, Stipendiat, Sogndal
- Vegard Flatebø Trætteberg, 2002, Lagførar, Bergen
- Inger Johanne Gullbrå, 1949, Pensjonist, Voss
- Lars Hana, 1955, Pensjonist, Askøy
- Signe Eikenes, 1963, Prosjektleiar, Leikanger
- Andreas Gravdal, 1981, Formidlar, Bergen
- Ove Sverre Bjørdal, 1971, Statsautorisert revisor, Bergen
- Torill Jørgensen Frøise, 1972, Rådgjevar, Askøy
- Christian Emil Haugen, 1990, Lege, Bergen

## Helsing frå avtroppande redaktør

To og eit halvt år er kanskje ikkje så lenge i den store sammenhengen, men det set likevel spor. No er tida mi som redaktør og grafisk designar i Kyrkjenytt over. Eg har kalla Kyrkjenytt for "barnet mitt" desse åra, og det er meir enn vemodig å sende stafettpinnen vidare. Eg vil takke for staben på Kyrkjekontoret på Voss for flotte år saman. Det er ein fantastisk gjeng som eg set stor pris. Eg vil også takke deg som har lese bladet. Eg er takksam for kvar og ein av dykk. Tusen takk til alle bidragsytalar som har sendt meg artiklar og bilete, det er de som har gjort Kyrkjenytt til Kyrkjenytt.

Kan eg be om ei siste teneste? Bruk stemma di! Stem ved kyrkjevalet, og vær med å avgjere korleis du vil at kyrkja vår skal sjå ut.

Me sjåast i kyrkja!

*Sommarhelsing frå Randi*

# Nominasjonslister for sokna våre:

## Evanger og Bolstad

- 1 Nora Bjørge Mykkeltvedt, 1960
- 2 Anny Karin Forthun, 1950
- 3 Ellen Iren Johansen Århus, 1972
- 4 Karianne Fredriksen, 1984
- 5 Rita Vevle, 1970
- 6 Ruth Arnhild Skadberg Tyssen, 1958
- 7 Ingebjørg Hjeltnes, 1962
- 8 Veronika Malen Nordbø, 1980
- 9 Edvard Jarle Bolstad, 1947
- 10 Hans Devik Hammersland, 1979

## Granvin

- 1 Sigvor Melve Schrey, 1965
- 2 Jan Ivar Rødland, 1961
- 3 Ingebjørg Winjum, 1952
- 4 Leif Harry Øydvin, 1968
- 5 Atle Seim, 1968
- 6 Randi Eikanger Kalsaas, 1974
- 7 Gwyenn Esther Fashaugen, 1992
- 8 Eivind Lorentzen Djønne, 1991
- 9 Ingunn Olsen, 1954
- 10 Christina Vatnøy, 1988
- 11 Elisabeth Solvi, 1987

## Oppheim

- 1 Christine Kalsås, 1969
- 2 Frode Herheim, 1967
- 3 Terje Nordanger, 1971
- 4 Gerd Ingrid Dukstad Hope, 1961
- 5 Stig Atle Ure, 1981
- 6 Arne Hagenson, 1970
- 7 Heidi Hisdal, 1964
- 8 Ragnhild Winther, 1955
- 9 Britt-Iren Tveite, 1970
- 10 Jan-Ove Nordvik, 1966
- 11 Sylvi Nedkvitne, 1978

## Raundalen

- 1 Nanna Kathrine Nordahl, 1946
- 2 Berit Hauge Våle, 1966
- 3 Linda Utne Tvinde, 1990
- 4 Morten Vangen, 1987
- 5 Teodor Reime, 1944
- 6 Asbjørn Lemme Richards, 1994
- 7 Geir Ove Slettemark, 1968
- 8 Vidar Tokvam, 1964

## Vinje

- 1 Kari Johanne Øvstedal, 1962
- 2 Margunn Mørkve, 1963
- 3 Turid Jordalen Lirhus, 1987
- 4 Rigmor Ulvund, 1978
- 5 Jan Gilbakken, 1962
- 6 Terje Hole, 1972
- 7 Inge Hole, 1968
- 8 Gunnar Kløve Lillethun, 1970
- 9 Thomas Sleen, 1994

## Voss

- 1 Bjørg Helland, 1954
- 2 Leiv Arne Mosefinn, 1948
- 3 Christian Johannes Hansen Torsvik, 1971
- 4 Sigurd Langehaug, 1946
- 5 Torbjørg Turvoll, 1947
- 6 Johannes Fagerland, 1957
- 7 Bente Anita Kristiansen, 1963
- 8 Randi Kløve, 1978
- 9 Kari Bergsland, 1972
- 10 Anne Berit Berland, 1980
- 11 Inger Sigh Petersen, 1956
- 12 Kjellfrid Skutlaberg, 1955
- 13 Gerd Astrid Jordalen, 1951
- 14 Jenny Jordalen Haugo, 1955

## Supplerte kandidater

Egil Lee, 1952

Inger Kyte Gjøstein, 1961



## Menighetens sjelesorg tilbod

Tilbod om individuell samtale, anten hos prest eller diakon. Ein må ikkje vere i djup krise eller sorg for å ta kontakt. Ingenting er for lite, og ingenting er for stort.

«Må eg vere kristen for å ta kontakt»? Nei, det må du ikkje.

«Må problemet mitt vere klart for å ta kontakt»? Nei, det treng det heller ikkje.

# Om kyrkjeval og det å vere tillitsvald i kyrkja

I september er det nytt val på sokneråd og bispedømmeråd.

Eg har sagt meg villig til å stå på lista for Nominasjonskomiteen si liste til bispedømmerådet. Grunnen til at eg stiller til attval for Nominasjonslista til bispedømmerådet er at eg ynskjer å fortsette arbeidet med demokratiet i Den norske kyrkja.

Eg har mi bakgrunn som frivillig i kyrkjeleg arbeid som Kirkens Bymisjon, sundagsskule, barnekor, klokkarteneste tillegg til organisasjonsarbeid i KFUK-KFUM og NMS. Mi politiske karriere har eg berre i kyrkjedemokratiet førebels, men har ikkje tatt skrekken av å sitte 4 år i bispedømmeråd/kirkjemøte! Eg ser at det framleis er mykje å lære for å skape ei kyrkje der lokalkyrkjelyden skal vere hjartet i det som kallast Folkekyrkja.

I tillegg har eg ei stort ynskje for å fortelje om trua på Jesus ut til lokalsamfunnet eg bur i tillegg til å vere ein aktiv samfunnsborgar. Mi store sak er å gjere trua på Gud relevant for vår tid og forklare det for menneske i samfunnet i dag. Då treng me gode tilsette og mange frivillige som kjenner dei lokale tilhøva til å vere med i denne oppgåva. Eg vil vere med å påvirke at kyrkja og trua skal vere synlege der me bur og at me som kyrkja sine tillitsvalde skal vere med å halde fram styrka i lokalkyrkja.

Eg har budd i nord, sør, aust og vest og vore aktiv i mange forskjellege kyrkjelyder

innan DNK.

Det har vore spanande å ha sett kyrkjelivet på lokalt og bli kjent med dei forskjellege tradisjonane og kva som er deira styrker og særtrekk.

Same kvar eg har budd har

eg allikevel kjend meg heime i DNK sjølvom nokon tradisjonar og måtar å gjere truslivet levande kan vere framande i starten. Mange trushistorier vil vere farga av kor me har budd og kva kyrkjelydsliv me har opplevd.

Når eg ikkje er på møter i Bispedømmeråd arbeider eg som lungelege ved sjukehuset på Voss og steller hus og hage i lag med mannen min. 4 born er snart utflytta og då er det meir tid til andre oppgåver som å vere tillitsvald! For meg er det viktig å vere førespurd frå den lokale kyrkjelyden min om å vere deira representant til Bispedømmerådet. Eg har ikkje ønska å stå på ei av dei andre listene. Grunnen til det er at eg ynskjer framleis fronte at kyrkjedemokratiet ikkje berre er partipolitikk, men tillitspersoner frå dei forskjellege kyrkjelydane.

Eg vonar du har lyst til å stemme ved valet til bispedømmeråd/kirkjemøtet og stem gjerne på meg!

Turid Fjose



## Smågrupper i Voss sokn

Her kan ein bygge fellesskap, dele tankar, be, lese Bibelen saman. Ta kontakt med Hans-Christian Küspert eller Anja Slåtten for meir informasjon.

Du er hjarteleg velkommen.





[f Trusopplæringa i Voss](#)

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

## T1 Babysong i Vangskyrkja



Både haust og vår har me babysongkurs i Vangskyrkja og på Oppheim. Fedre og mødre møtes til songstund, prat og kos. Me er opptekne av nærliek og kommunikasjon mellom foreldre og barn. Me er ikke så opptekne av songstemme og prestasjon. Far og mor har uansett den vakraste stemma for barnet. Det skal vera enkelt å koma på babysong. Vognene vert trilla inn, det er lagt til rette for bleiebyte og føresette får ferdigsmurt lunsj.

Til hausten startar me opp nye kurs:  
I Vangskyrkja 29. aug  
I Kyrkjastova på Oppheim: 31. aug  
Hjarteleg velkomne!



Tagging i Vangskyrkja vert generelt sett ned på, men når eit barn har skrive dette på tegneplatene i koffertane i barnekroken smeltar vel dei fleste hjerter. Det er så sant det som står: "Gud gir deg alltid ein ny sjanse" ❤️

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

## T<sub>4</sub> Utdeling av barnebibel. Voss sokn



Ei kyrkje full av born er ein fantastisk, kjekk, livleg og litt kaotisk oppleving. På denne familiegudstenesta fekk fireåringane kvar sin barnebibel. I Prestegarden var det kaffi og kaker. Jammen vart det stappfullt. Diverre måtte faktisk nokon snu i døra. De er særskild velkomne tilbake for kyrkjekaffi og kake ved eit anna høve.


Me vonar det vert flotte lesestunder rundt i heimane. Dersom det er nokon som ikkje hadde høve til å kome denne sundagen, vert det ny T4 i Vangskyrkja 24. sept.



Stolte fireåringar får bibel.

Under kyrkjekaffien var det bowling i kontorfløyen for barna. Løva Leon stillte med premiar til alle

## T<sub>14</sub> Konfirmasjonsførebuing. Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn



På T14 i mai fekk ungdomen ein "smakebit" av konfirmanttida. Det var mellom anna ulike stasjonar rundt i kyrkja. På bileta er tre av stasjonane;

- 1: Kven er Gud?
- 2: Bygg ei legokyrkje
- 3: Vel ei bøneperle og legg den i bønekrukka



Dette hjartet med namna til neste års konfirmantar heng no bak i Vangskyrkja. Be gjerne for dei.

## T<sub>9</sub> Pilegrimsvandring for Oppheim og Vinje sokn

Mellom Oppheim og Vinje går ein del av Kongevegen. Her hadde niåringane på Vossestrand pilegrimsvandring i juni. Me starta med gudsteneste og enda opp i sælestova til Ivar Husdal, der me fekk servert deilige vafler. Det var ein nydeleg dag og ein flott tur med niåringar med familier.



Me fann sjokoladetre på vegen! Ein ekte pilegrim. Ivar Husdal fortel frå sine vandringar



Me nærmar oss målet, Vinje

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>



# BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



Teikning:  
Monica Bauleo

## Vitsar

Kvifor har  
kua bjøller?  
Horna funkar  
ikkje.


Ein dame stod  
ved fotgjengarfeltet og venta.  
- No har det vore  
grøn mann fem  
gongar. Når blir det  
grøn dame?

## Finn fem feil!

Her hjelper den miskunnsame samaritanen  
mannen som blei overfalt. Dei to biletene er nesten  
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
Teikning: Monica Bauleo

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!  
Kva skjuler seg her?



Søndagsskolen - mer enn du tror

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

# Inviterande kyrkje

Kva kan ein gjere for at kyrkjelyden skal opplevast meir relevant og tilgjengeleg? Dette er tema i kurset Inviterande kyrkje, som er eit kurs i Evanger og Bolstad for tida.

Det har vore to kurssamlingar så langt, og den tredje og siste kjem etter sommarferien.

I ei spørjeundersøking på gata i Evanger og i ei gudsteneste spurt me i vinter kva folk ynskjer skal vere det neste tilbodet i kyrkjeleg regi.

Resultatet er mellom anna at me skipar til ein bytedag på Evanger laurdag 19. august. Det er diakon Marianne Magnussen som utviklar kurset, og som er kursleiar.



Frå ei matpause den andre kurssamlinga. Marianne Magnussen er nr. tre frå venstre.


## Bytedag på Evanger

Laurdag 19. august vert det bytedag på Evanger.

Då kan du ta med deg noko du vil byte vekk, samt byte til deg noko du ynskjer å ta heim.

Bytedagen vert utandørs viss veret tillet det, og kafeen i Rongahuset er open for dei som ynskjer å stikke innom han.

Helsing Evanger og Bolstad sokn



# Vossakyrkjemessa 2023

## Eit 1000-års-minne for då kristendommen kom til Voss

Tekst og bilete: Arne Mosefinn

Vosssakyrkjemessa vart feira sundag 21. mai. Først var det gudsteneste i Vangskyrkja, med tekstar og salmar som høvde for dagen. I preika heldt Hans Christian Küspert fram at Vangskyrkja hadde stått i 746 år utan å verta skada, heller ikkje av den tyske bombinga i 1940. Han samanlikna med tempelet i Jerusalem som vart øydelagt og reist opp att fleire gonger. No er det berre restar att av det. Men kyrkja er meir enn huset - det er den kristne kyrkjelyden som er det viktigaste - og at den framleis feirar gudsteneste.

Etter gudstenesta var det duka til kyrkjekaffi ute i det fine veret, med bløtkaker og drikke.

Om kvelden var det igjen invitert til samling i kyrkja for å ta del i eit rikhaldig program. Først ut var Astrid Sudmann som framførte ei sjølvskriven forteljing om kong Olav. Ho starta med oppveksten hjå stefaren Sigurd Syr på Ringerike som gifta seg med Åsta, mor til Olav. Han drog ut i viking berre 12 år gammal. Han kom mellom anna til Normandie der han møtte kristendommen på nært hold. Dei kristne var eit folk med kjærleik - men var det veikskap?

20 år gammal - i 1014 - vart han døypt i Normandie. Seinare hjelpte han kong Adalråd i England i striden mot danskekongen. På ei ferd han hadde tenkt seg til Jorsal, høyrde han ei røyst som sa: «Du skal vera konge i Noreg til evig tid.» Dette vart eit vendepunkt i livet hans. Han drog attende til Noreg i eit forferdeleg uver og landa på Selja. I 1015 kom han heim til slekt si på Ringerike og her vart han godkjent som konge i Noreg. Men det tok mange år før alle høvdingar i landet godtak det.



I 1023 kom han inn Hardangerfjorden, gjekk i land i Folkedal og skulle til Voss, for han hadde hørt at vessene ikkje ville godta den nye trua. Han kvilte på stølen som no heiter Krosset, og heldt kveldsmesse på Himle. Neste dag møtte han bøndene på Vangen og baud dei ta ved kristendommen, men bøndene baud han slag igjen. Men ingen hadde lyst til å stå fremst i striden, så dei gav seg under kongen. Kongen skilstest ikkje fråd ei før alle var kristna.

Neste ut var Alexander Aga Røynstrand som framførte brureslåttar på hardingfele. Dernest Ellen Marie Selland Geithung som song «Vår Gud han er så fast ei borg» i nynorsk drakt av Elias Blix, og «Tord Foleson» av Per Sivle, tonesett av Olav Sande.

Torgeir Landro heldt så foredrag om Kristninga av Europa, og seinare Norge. Han tok fram at det var få spor å gå etter; dei måtte leita i arkeologien etter gravskikkjar. Vikingferdene vart frå 950 og utover påverka av kristendommen ute i verda. Eit viktig tema var dette: kan du innföra ein ny religion kan du og vinna makta i landet. Han meinte dette var viktig for dei kongane som prøvde å innföra kristendommen, mellom anna her i landet. Kongens vennskap var og viktig for dei stormennene som rådde i sine område.

Han stilte spørsmål om kong Olav som lovgjevar. Han nemnde Olavs lovgjeving på Mostratinget som har vore sett på som éi lov, men der han meinte at lovene vart stegvis utvikla og ikkje var fastsette ein gong for alle. Han trekte og fram parallellear til andre europeiske lover, mellom anna angelsaksiske og armenske.

Likevel hadde kristendommen ført til store endringar i truslivet hjå folk - frå det heidenske gudelivet til det som var viktig i kristendommen: ein Gud, menneskesynet, kvinnesynet, himmelriket og erfaringa av synd.

Tilsluttsong Ellen Marie ein salme som bestefaren hennar hadde sunge - opprinneleg amerikansk, men omsett til norsk - og ein song dei brukte til avslutning på møta i ungdomslaget: «Myrk det er» av Mathias Skard. Alexander avslutta det heile med Bjølleslåtten.

Astrid Sudmann, Alexander Aga Røynstrand, Torgeir Landro og Ellen Marie Selland Geithung

# Hilsen fra avtroppende sokneprest Cato Torsvik

Etter seks år på Voss, blir det rart å takke av. Jeg har alltid vært bestemt på at jeg skulle være der i minst 20 år, men så blir det livsforandringer som endrer på planer og kurser som er satt. Så er det om å tenke at når en dør lukkes, så åpnes tre nye vinder.

Å gjøre endringer, og da spesielt store endringer, er aldri noen enkel sak, og jeg kjenner at det er både vemodig og trist å flytte fra Voss og spesielt da Vossestrand og Raundalen hvor jeg har fått lov til å være sokneprest i den tiden jeg har vært på Voss. Det har vært så mange fine og gode mennesker jeg har fått bli kjent med. Mennesker som har fått meg til å føle meg som en del av noe større og som har vært med å gi meg innpass i liv og lære. Mennesker, vossinger som har gitt meg en forankring i bygda og stedet og lært meg å sette pris på bygda og folket. Ja, at jeg har fått lov til å føle meg som en vossing selv om jeg er en bygutt.

En stor takk til soknerådene på Vinje og Oppheim og Raundalen som har tatt så godt i mot meg og som har vært med å inspirere til fest og glede og til å kunne få være med på å lage til T-dager, jubileumsgudstjenester, konsert og mye mye mer.

Jeg vil også rette en stor takk til den fantastiske ungdommensommer på stronde og

på Voss. Det er så gøy når dere tar traktoren fatt og gir gass. Eller når dere freser rundt med mopedene og skaper liv og røre. Det er bare så imponerende å se hvordan dere tar tak og gjør en kjempejobb med både skole og arbeid, og hvordan dere på et imponerende vis tar for dere fremtiden. Voss er utrolig heldig som har en slik fin ungdom som vet å ta vare på bygda vår.

Og ikke minst vil jeg takke kontoret og staben jeg har fått lov til å jobbe med. For en gjeng. Alltid godt humør, alltid imøtekommende og alltid villig til å gå den ekstra milen for å gjøre det ekstra som skal til for at det skal bli bra. Noe av det tyngste jeg har fått være med på, var å følge Magnar Håland til graven. En mer dedikert og hjertevarm prest og kollega skal en lete lenge etter. Han

betydde mye for meg og alle andre som jobbet på Voss og for hele Granvin og Ulvik. Han har kanskje lært meg det viktigste i livet. Nemlig å ha humor og pågangsmot. For uansett hva livet kaster på en, så er det alltid rom for humor og et skråblikk på livet.

Et kapittel er nå på vei til å lukkes og jeg kjenner på en uendelig takknemlighet for alt som jeg har fått være med på, mennesker jeg har blitt kjent med og alt som jeg har fått lov til å gjøre. Et nytt kapitel er påbegynt her i nord, men noe er forandret i meg. For jeg kjenner meg ikke lengre som den bygutten som kom til Voss, men Vossingen som har kommet til Finnmark.



# 1000-års jubileum for kristninga av vessene

Ifølge sagaene kom Olav Haraldsson, som seinare vart kjend som heilag Olav til Voss i 1023. Han kom med skip inn Hardangerfjorden, og gjekk til fots frå Folkedal over fjellet og ned til Voss. Her vart det dåp og starten på ei ny tid.

1000-års jubileet har alt vorte markert på Vossakyrkjemessa som vi hadde i kyrkja 21. mai. Til olsok skal det verte markert med ei vandring i Olavs fotspor frå Folkedal til Krosset og frå Himle og ned til Vangskyrkja, og du er velkommen til å vera med.

Det er ei rekke lag som medverkar til at vi får til denne vandringa, mellom anna Voss sogelag, Granvin sogelag, Voss utferslag og kyrkja på Voss.

## Program:

### Laurdag 29.07

- 09.00 - Buss frå Vangen til Folkedal (sjå lysing i Hordaland)
- 10.00 - Vandring frå Folkedal
- 13.00 - Frammøte på Krosset: Markering ved Knut A. Knudsen, Knut Farestveit og Gunnar J. Folkedal m.fl

### Sundag 30.07

- 10.30 - Buss frå Vangen til Himle (sjå lysing i Hordaland).
- 11.00 - Frammøte ved steinkrossen på Himle. Markering ved Knut A. Knudsen. Vandring frå Himle til Vangen.
- 14.00 - Frammøte ved Olavskrossen. Markering ved Knut A. Knudsen.
- 15.00 - Olsokgudsteneste ved Knut A. Knudsen.



## Ledige stillingar



Voss kyrkjelege fellesråd har for tida ute fleire stillingsannonser. Gå inn på portalen **Kirkejobb.no** for full annonsetekst og innsending av søknad.

### Kyrkjegardsarbeidrar, to heile stillingar

#### Arbeidsoppgåver:

- Arbeidet går ut på praktisk tilrettelegging for gravferder og urnenedsetjingar.
- Drift og vedlikehald av gravplassar, parkar og grøntanlegg.
- Tilsyn og vedlikehald av maskiner og utstyr i bruk, vintervedlikehald.
- Arbeidet omfattar også andre vedlikehaldsoppgåver.

#### Kvalifikasjonar:

- Søkjar må ha maskinførarbevis og førarkort klasse BE.
- Fagbrev som gartnar eller anleggsgartnar vil bli tillagt vekt.
- Personar utan formelle faglege kvalifikasjonar vil kunne bli vurdert med utgangspunkt i dokumentert arbeidserfaring.

### Sekretær ved kyrkjekontoret, deltid 50%

Voss kyrkjelege fellesråd skal tilsetje sekretær i 50% stilling. Stillinga byr på varierte oppgåver innafor resepsjonsarbeid, sentralbord og kontoradministrasjon. Sekretæren har dagleg kontakt med publikum, og har varierte oppgåver i samarbeid med sokneråda og staben

#### Arbeidsoppgåver:

- Sekretæren får ansvar for sentralbord og kundemottak.
- Administrativ støtte/hjelp for andre i staben (dokumenter/invitasjonar/publiseringar/lister etc).
- Anna administrativt arbeid knytt til dåp, vigslar, gravferder mv.

#### Kvalifikasjonar:

- Søkjar bør ha erfaring innan kontoradministrasjon, helst innan offentleg forvalting.

- Erfaring frå arbeid der dialog med menneske er viktig
- God skriftleg og munnleg formuleringsevne.
- Skriftspråket er nynorsk.
- Det er ynskjeleg at du har kjennskap og kunnskap om ulike fagsystem som Public 360, Office 365.
- Du må vere budd på å veksle mellom mange ulike arbeidsoppgåver innafor arbeidsdagen, i møte med publikum og i samarbeid med staben.
- Kjennskap til kyrkja sitt arbeid og organisering er ein fordel, men ikkje eit krav.
- Den tilsette må vere medlem i Den norske kyrkja.

### Trusopplæringsmedarbeidar, deltid 50%

#### Arbeidsoppgåver:

- Planlegge, gjennomføre og vidareutvikle T-dagar i lag med frivillige og resten av staben.
- Rekruttere, fylgje opp, inspirere og rettleia frivillige medarbeidrarar.

#### Kvalifikasjonar:

- Utdanning på høgskulenivå, gjerne med pedagogikk, kristendom og/eller sosialfag i fagkretsen.
- Evne til å jobbe sjølvstendig, strukturert og i samarbeid med stab og frivillige.
- Gode kommunikasjons- og formidlingsevner i møte med barn og unge.
- Evne til å inspirere og motivere seg sjølv og andre
- Det er ein fordel med erfaring frå kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid.
- Erfaring med å bruke IT-verktøy i det daglege arbeidet.
- Meistre norsk flytande både munnleg og skriftleg.
- Me vert ikkje lei oss om du kan spela gitar eller piano.

For å søkje på stillingane må du gå inn på **Kirkejobb.no** og registrere alle opplysingar. Du kan scanne QR-kodane under og komme direkte til annonsene.



Kyrkjegardsarbeidrar



Sekretær



Trusopplæringsmedarbeidar

# KYRKJELYDSTUR TIL TYSSEN

Tekst og bilet: Gunn Horvei

**Sundag 20 august** skipar Evanger og Bolstad sokneråd til kyrkjelydstur til Tyssen på Bolstad. Det er bilveg heilt fram, såleis er det ein lågterskeltur som passar for alle. Me tenkjer felles avreise frå skulen på Bolstad kl 15. Der kan me fordela folk i bilane. Arne Tyssen vil fortelja litt om Tyssen (Tyssø på folkemunne) og prest Frode Kvamsøe vil halda andakt



Du tek med deg niste og drikke/kaffi.

Set av denne dagen i kalendaren så får du garantert ei fin stund i den vesle bygda ved fjorden mot vest.

Velkommen skal du vera!

## Velkommen til ope sorggruppe hausten 2023

Mange finn trøyst og støtte i å vere med i ei sorggruppe kor ein møter andre som har opplevd å mista nokon dei er glade i. Denne sorggruppa er eit løpande tilbod, me møtast ei gong i månaden kl 18 - 19.30 i Kyrkjetunet, Voss sentrum. Me har ikkje påmelding; dette er eit ope tilbod og gratis. Ein treng ikkje binde seg til å komme kvar gong. Me vil dannar eit treffpunkt der me kan støtte og hjelpe kvarandre på vegen vidare. Enkel servering.

For meir info, kontakt Anja Slåtten.

Dataane for hausten 2023 er: 31.08, 21.09, 19.10, 23.11, 14.12.



# Me fekk ei jord i varetekta

Tekst: Kari Bye

Det er tusen år sidan Heilag Olav kom på kristningsferd til Voss. Han hadde herja som viking og streifa omkring i mange land. Så møtte han menneske som hadde eit heilt anna grunnlag for livet sitt. Han vart kjend med den kristne bodskapen, og såg at dette hadde ei samlande kraft som kunne gjera det norske samfunnet til eitt folk i eit sameina kongerike bygd på lov, orden og fred.

Utfordringa på den tid var slekter og hersar sine stadige kampar om makt og arverett kringom i landet, og då vart det gjerne naturleg å identifisera seg med Kristusånda, slik Olav gjorde. Han hadde fått oppleva at fred og fellesskap i eit samfunn kunne vera mogeleg. Det vart i allefall eit markert skifte i soga vår etter Heilag Olav sine kristningsår, og me vart eit kongerike med eitt folk.

No er det slik at når noko nytt kjem til oss menneske, då deler me opplevinga med andre og fører det vidare. Den opphavlege bodskapen vert repetert igjen og igjen, frå den ein til den andre, frå år til år, gjennom ei lang utvikling. Det vert mange ulike tolkingar og opplevingar, og då kan det vera både interessant og nyttig å gå attende til det som ein gong var opphavet. I vårt tilfelle for to tusen år sidan.

Me kan førestella oss i sinn og hjarta å sitja ved meistaren sine føter. Å vera til stades som læresvein med Jesus si

oppføvlege tru, og oppføvlege bodskap, som han delte direkte med andre. Me kan prøva å oppleva kven han var, kva han gjorde, og kva han ville læra oss, og la det verta verkeleg for oss no. Det er tekster tilgjengeleg for oss i evangelia, som fortel om ei lysande ånd frå ein mann med djup kjærleik, mot og medkjensle, ein mann som visste kven han var og kva han levde for: Ånda som knytte himmel og jord saman.

Utfordringa vår i dag er at me er eit folk med stadige kampar mellom ulike grupper, men no er det i ein global målestokk, og gjeld i tillegg kampen med har skapt med jorda vår. «Me fekk ei jord i varetekta» seier Lars Hernes i diktet «Skaparverket» (i bladet «Stille stunder»), men «så mykje spilt og øydelagt, så mykje heilt av lage... Me bed om kløkt og mot til oppatning av Guds gáve: Skaparverket!»



## Kyrkjekaffinemd

Me er så heldige å ha ei eiga nemnd som dekker bord og lagar kaffi og kake til kyrkjelyden ein gong i månaden. Har du lyst å vere ein av oss, ta kontakt med Anja Slåtten, tlf. 41 70 49 58, eller kyrkjekontoret, tlf 56 52 38 80.

 <p><b>VOSS SPAREBANK</b> - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn  <a href="http://www.vossabanken.no">www.vossabanken.no</a> - 56 52 03 00</p>	 <p><b>MYRK DALEN</b>  <a href="http://myrkdalen.no">myrkdalen.no</a></p>	 <p><b>Vekselbanken</b> - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 <b>- med tilbod til liten og stor</b></p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p><b>MIA GÄVER</b></p> <p><b>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</b></p>	<p><b>Me ordnar alt vedrørande dødsfall</b> Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b>  <b>Vinsands GRAVFERDSBYRÅ</b> Telefon 56 51 11 94 <a href="http://www.vinsand.no">www.vinsand.no</a></p>	 <p><b>AZETS</b> Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap <a href="http://visma.no/outsourcing">visma.no/outsourcing</a></p>
<p><b>O.L.KYTHE AS</b> <b>entreprenør</b></p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p><b>Voss Energi</b> -rein vossakraft!</p>	<p><b>Pianostemmer Voss</b> På tide å stemme pianoet?</p>  <p><a href="http://pianostemmervoss.no">pianostemmervoss.no</a> Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p><b>UINJO</b></p>	 <p><b>KIWI mini pris</b> Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p><b>GRAVSTEIN</b> Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p><b>STEIN &amp; MERKE</b></p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p><b>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</b></p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b></p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå <a href="http://www.nordh-bb.no">www.nordh-bb.no</a></p> <p><b>Stort utvalg i blomster og gravminne!</b></p> <p>KYRKJVEGEN 1 5911 Alversund FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p><b>Me går saman med deg hele vegen</b></p>	 <p><b>Voss Blomster handel</b> Tlf 56513196</p>	<p><b>Voss Bokhandel</b></p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p><b>Snakk med Comfort</b> Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p></p>	<p>Di annonse her? Ta kontakt med redaktøren på e-post <a href="mailto:rk858@kyrkja.no">rk858@kyrkja.no</a></p>	 <p>Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding <a href="http://www.vaattogvilt.no">www.vaattogvilt.no</a> - Tlf 91374995</p>
 <p><b>VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS</b></p>	<p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p>	<p>Anleggsgartner og trepliatar</p>  <p><b>GUNNAR LILLETHUN</b> Tlf. 901 19 315 • <a href="http://www.lillethun.no">www.lillethun.no</a></p>
 <p>HMV Maskin EIK SENTERET</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 9130 <a href="http://hmvgruppa.no">hmvgruppa.no</a> Verkstad og dellelager</p>	

# Kyrkjelege handlingar

## DØYSTE

**Evanger sokn:**

20.05 Olaf Århus 30.04

Lars Lussand Skalleberg

Jonas Nåmdal Samnøy

Albert Kunnas Slettemark

**Granvin sokn:**

30.04 Nora Reisæter Øydvin 06.05

Natalia Kucinska

04.06 Oline Fjellheim Bolstad 20.05

Eilev Væhle Jordal

Lykke Mæland Rong

Johanna Skjerve

**Oppheim sokn:**

23.04 Håvard Bidne 21.05

Josefine Marie Helgesen Bergflødt

04.06 Adrian Kartveit 21.05

Selma Elisabeth Tvedt Brækhus

Casper Moreno Aalvik

Iben Bergem-Ohr

**Raundalen sokn:**

21.05 Ingeborg Opheim Skutle 28.05

Mila Een

Hedda Gjerde

Oskar Dalatun

**Vinje sokn:**

07.05 Nils Martin Sausjord (Jordalen kapell) 11.06

Othilie Solberg Henanger

Aleksander Slettemark Kaland

Oliver Glodic Grevle

**Voss sokn:**

23.04 Mia Gjeraldstveit 11.06

Oliver Rong Kollevåg

23.04 Martine Kvåle 11.06

Frøya Bachleda Stabæk

30.04 Isak Eitrheim Tveite 11.06

Sindre Harbakk Turvoll

30.04 Synva Gjerstad Selheim 11.06

Emma Vestrheim-Fjellby

## VIGDE

**Granvin sokn:**

20.05 Gwynn Esther Foshaugen og Aleksander Kalsaas 20.05

May-Kristin Væhle Dahl og Fredrik Jordal

27.05 May Helen Midtbø og Tor Einar Wahl

28.05 Marit Gjerde og Øyvind Bergem-Ohr

03.06 Runa Tveiterås og Vegard Gjeraldsveit

03.06 Gjertrud Øvsthus Skutle og Arne Brakestad

03.06 Jannicke Simpson Larsen og Stian Solberg

10.06 Christel Susann BJORØY og Tore Tveito

10.06 Kjersti Nordgård og Stian Lid

10.06 Rut Melve Kvåle og Jeremy Christian Mase

11.06 Mari Vesterheim og Inge Fjellby

**Vinje sokn:**

02.06 Cecilie Hartveit Adolfsen og Lars-Einar Grande 03.06

03.06 Gjertrud Øvsthus Skutle og Arne Brakestad

03.06 Jannicke Simpson Larsen og Stian Solberg

10.06 Christel Susann BJORØY og Tore Tveito

10.06 Kjersti Nordgård og Stian Lid

10.06 Rut Melve Kvåle og Jeremy Christian Mase

11.06 Mari Vesterheim og Inge Fjellby

**Voss sokn:**

13.05 Janne Rabben og Jonny Jordalen 10.06

10.06 Gjertrud Øvsthus Skutle og Arne Brakestad

20.05 Mariell Stikholmen og Haakon Tillmann 11.06

11.06 Jannicke Simpson Larsen og Stian Solberg

Haverkamp

## DØDE

**Granvin sokn:**

05.05 Solveig Seim, f. 1924 21.04

21.04 Jon Langvandsbråten, f. 1926

23.04 Bjørg Borge, f. 1936

25.04 Godtfred Skjelde, f. 1940

25.04 Ingrid Høyland, f. 1927

30.04 Gunnhild Opheim, f. 1938

01.05 Odd Einar Sæve, f. 1983

07.05 Margunn Sognnes, f. 1951

14.05 Kåre Kyte, f. 1930

16.05 Halldis Stue, f. 1931

18.05 Asbjørn Giljarhus, f. 1954

19.05 Grete Skarpeid, f. 1957

25.05 Audun Hervik, f. 1945

26.05 Magne Rykke, f. 1944

31.05 Johannes Martin Årskaug, f. 1924

**Oppheim sokn:**

14.05 Lars Willgoths, f. 1962 25.04

25.04 Ingrid Høyland, f. 1927

30.04 Gunnhild Opheim, f. 1938

01.05 Odd Einar Sæve, f. 1983

07.05 Margunn Sognnes, f. 1951

14.05 Kåre Kyte, f. 1930

16.05 Halldis Stue, f. 1931

18.05 Asbjørn Giljarhus, f. 1954

19.05 Grete Skarpeid, f. 1957

25.05 Audun Hervik, f. 1945

26.05 Magne Rykke, f. 1944

31.05 Johannes Martin Årskaug, f. 1924

**Vinje sokn:**

28.04 Andor Ekehaug, f. 1934 14.05

14.05 Jon Langvandsbråten, f. 1926

30.04 Berly Maria Mjøs Giljarhus, f. 1946

16.05 Bjørg Borge, f. 1936

17.04 Lars Herheim, f. 1942

18.05 Godtfred Skjelde, f. 1940

19.05 Ingrid Høyland, f. 1927

25.05 Halldis Stue, f. 1931

26.05 Asbjørn Giljarhus, f. 1954

19.05 Grete Skarpeid, f. 1957

25.05 Audun Hervik, f. 1945

26.05 Magne Rykke, f. 1944

31.05 Johannes Martin Årskaug, f. 1924

# Gudstenesteliste

## Evanger kyrkje:

13.08 kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd. Bø.  
01.10 kl. 11.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.  
Kvamsøe.

## Bolstadøyri bedehus:

23.07 kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd. Kvamsøe.  
10.09 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Kvamsøe.  
20.08 kl. 15.00 Kyrkjelydstur til Tyssen. (Evanger og Bolstad sokn.)

## Granvin kyrkje:

23.07 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson.  
20.08 kl. 11.00 Gudsteneste. Arvidsson.  
27.08 kl. 18.00 Gudsteneste. Arvidsson.  
17.09 kl. 11.00 Gudsteneste. Arvidsson.  
24.09 kl. 14.00 Gudsteneste. Arvidsson.

## Oppheim kyrkje:

20.08 kl 11.00 Gudsteneste. Dåp. Sandvik  
03.09 kl 11.00 **Tjødnarhovden**. Friluftsgudsteneste.  
Presentasjon av årets konfirmantar.  
10.09 kl 11.00 **Oppheim gamle kyrkjegard**.  
Friluftsgudsteneste. Kulturminnedag. Sandvik.  
24.09 kl 11.00 Familiegudsteneste. T 3/4- utdeling kyrkjboka.  
Sandvik.

## Raundalskyrkja:

02.07 kl 11.00 **Skiple**. Friluftsgudsteneste. Hellesøy  
29.07 kl 11.00 **Mjølfjell kapell**. Olsokstevne. Arvidsson.  
20.08 kl 17.00 Gudsteneste. Nattverd. Sandvik.  
24.09 kl 17.00 Gudsteneste. Presentasjon av konfirmantar.  
Sandvik.

## Vangskyrkja:

02.07 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Küspert  
09.07 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Küspert  
09.07 kl. 16.00 **Hamlagrø**. Gudsteneste. Küspert  
23.07 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Arvidsson  
29.07 kl. 11.00 **Krossaset**. Gudsteneste. Knudsen  
30.07 kl. 11.00 Festgudsteneste med nattverd. Knudsen  
06.08 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Sandvik  
13.08 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Hellesøy  
20.08 kl. 11.00 **Vonheim**. Gudsteneste med Nattverd. Leksbø.  
Skaparverkets dag  
27.08 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Küspert  
03.09 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Küspert  
10.09 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Küspert.  
Konfirmantpresentasjon  
17.09 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.  
24.09 kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd. Küspert. T4  
- utdeling av barnebibel. Hausttakkefest.

## Vinje kyrkje:

13.08 kl 1100 **Helgatun**. 50 års jubileum. Sandvik  
27.08 kl 1100 Gudsteneste. Nattverd. Sandvik  
17.09 kl 1100 Gudsteneste. Nattverd. Vikar  
01.10 kl 1100 Gudsteneste. Nattverd. Sandvik

## Kyrja på Voss er på Facebook. Følg oss!!

Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon  
og skann denne qr-koden  
anten med ein  
qr-app eller via kamera  
(Apple-produkter).



# Aktivitetskalender

Mange aktivitetar tek pause i sommarferien. Følg med i avis Hordaland og på nettsida vår for informasjon om når dei startar opp att.

## T-dagar:

21. aug: T6, «Skattejakt» for Voss og Raundalen sokn. Ved og i Vangskyrkja.  
24. aug: T6, «Skattejakt» for Granvin sokn. Ved og i Granvin kyrkje.  
26. aug: T9, «På sporet av Heilag Olav» for Voss og Raundalen sokn. Ute på Prestegardslandet.  
28. aug: T6, «Skattejakt» for Evanger og Bolstadsokn. Ved og i Evanger kyrkje.  
29. aug: Oppstart av «Babysong» for Voss, Evanger og Bolstad, Granvin og Raundalen sokn. I Vangskyrkja. Kurs på 7 samlingar.

30. aug: T6, «Skattejakt» for Oppheim og Vinje sokn. Ved og i Vinje kyrkje.  
31. aug: Oppstart av «Babysong» for Oppheim og Vinje sokn. I Kyrkjestova på Oppheim. Kurs på 6 samlingar.  
09. sept: T2 «Krølletreff» for alle sokn. I Vonheim.  
23. sept: T3 «Undretur» for Voss sokn. I Vangskyrkja.  
24. sept: T4 «Utdeling av barnebibel» for Voss sokn. I Vangskyrkja  
24. sept: T3 «Undretur» for Oppheim og Vinje sokn. I Oppheim kyrkje.  
24. sept: T4 «Utdeling av barnebibel» for Oppheim og Vinje sokn. I Oppheim kyrkje.  
29. sept: T11 «Lys Vaken» for Voss og Raundalen sokn. I Vangskyrkja